

HELSE MIDT-NORGE RHF
Postboks 464
7501 STJØRDAL

Vår ref.
2021/1355 - 14580/2021

Deres ref.
2021/214

Saksbehandler
Audny Mongstad

Dato
12.04.2021

Høyring - Utredning om helseforetaksstrukturen i Trøndelag

Styret i Helse Møre og Romsdal HF (HMR) viser til prosjektrapport «Utredning om helseforetaksstruktur i Trøndelag» av 13.01.21 samt høringsbrev datert 15.02.21. Styret ser at arbeidet er utført slik milepælplanen beskriv, og rapporten viser at det er gjort eit svært grundig arbeid.

Mandatet for arbeidet har St.Olavs Hospital HF og Helse Nord-Trøndelag HF som hovudfokus. HMR hadde berre ein representant i prosjektgruppa. Det er difor gledeleg å merke seg at konsekvensar og tiltak for HMR likevel er tydeleg inkluderte i avgjerdsgrunnlaget.

Innhaldet i samandraget opplevast som ei god oppsummering av resultatata frå prosjektgruppa sitt arbeid. HMR ønskjer å framheve følgjande delargument frå prosjektgruppa sine tilrådingar:

- «Prosjektgruppen anbefaler styrket samhandling mellom St. Olavs hospital HF og de andre helseforetakene i Helse Midt-Norge. St. Olavs hospital er hele regionens universitetssykehus og må ha de samme forpliktelser ovenfor Helse Møre og Romsdal HF som overfor Helse Nord-Trøndelag HF for å styrke kvaliteten på helsehjelpen i hele regionen.»
- Under avsnittet: «Styrket samhandling bør gjøres regionalt, og må også involvere HMR» kjem det fram ei rekke relevante argument, der det vert fokusert på viktigheta av samhandlinga på tvers av heile Helse Midt Norge. Arbeidet med implementering av Helseplattforma og effekten av dette blir løfta spesifikt fram. Styret i HMR støttar at dette er eit svært sentralt argument i utredninga.
- «Hensynet til god samhandling med Helse Møre og Romsdal taler imot fusjon. Drift av en kompleks organisasjon med flere lokasjoner kan ta oppmerksomhet bort fra spissede funksjoner ved St. Olavs. Det kan svekke universitetssykehusfunksjonen, og ta fokus vekk fra Helse Møre og Romsdal. Balansen og samhandlingen mellom fagmiljøene i regionen kan bli forrykket gjennom en fusjon, særlig at Trøndelag blir for dominerende vs. Møre og Romsdal. Samhandling bør gjøres regionalt, og må også involvere HMR.

Styret vil likevel peike på eit punkt i rapporten som kunne påverka avgjerdsgrunnlaget.

- Erfaringar frå samanslåinga mellom Helse Nordmøre og Romsdal og Helse Sunnmøre er ikkje beskrive i utredninga. Om dette har tyding for utfallet er usikkert.

Styret i HMR støttar forslaget til prosjektgruppa om at samanslåing av Helse Nord Trøndelag HF og St. Olav Hospital HF ikkje blir tilrådd

Styret handsama saka i sitt styremøte 25.03.91, sak 40/21, og gjorde følgjande vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal tek prosjektrapporten til vitende med dei innspel som kjem fram i høyringssvaret.

Med vennlig hilsen

Audny Mongstad
Rådgevar

Dette brevet er elektronisk godkjent og har derfor ikke håndskrevne signaturer